

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.3.19

Stad: Fjordsenteret

Sak 13/19. Utkjøp av VW Caddy 2014-mod. når leasingperioden går ut

### **Saksopplysning/vurdering**

Leigeperioden på 5 år går ut i mai i år på den eldste av dei to Caddyane som fjellstyret har. Me har fått eit tilbod frå Berge & co på kr. 105.000, dersom fjellstyret vil kjøpa denne bilen (restverdi ved utløp av leigepreioden er i kontrakten sett til kr 95.000). Alternativet er å levera bilen inn att til forhandlar, få han taksert for ev. skader eller manglar, og deretter betala det det måtte kosta å setja bilen i fullgod stand for vidareasal. Listepriisen på denne årsmodellen vert av forhandlar vurdert å liggja på kring kr 150.000. Kopi av e-post frå Berge & co ligg ved.

Me kjenner ikkje til at det er skader eller manglar på bilen, men ved grundig synfaring kan det vel lata seg gjera å finna litt lakkskader e.a. Bilen har vore inne til dei obligatoriske servicar og EU-kontrollar.

Bilen har gått omlag 78.000 km, som er noko meir enn dei 75.000 som var avtalt ved inngåing av leigekontrakten. I følge kontrakten, skal det for overkøyrd km betalast kr. 1,80 + mva. Dersom fjellstyret vel å kjøpa ut bilen, vert denne summen trekt frå kjøpesummen, slik at desse kilometrane ikkje vil kosta fjellstyret noko ekstra.

### Økonomiske tilhøve

Fjellstyret betalar i dag ei månadsleige for denne bilen på omlag kr 3000, når ein legg inn at omlag 50 % av momskostnaden vert refundert. For bilen som vart kjøpt i fjor, er tilsvarande månadspris kr 3.240.

Dersom fjellstyret vel å kjøpa ut bilen, vert det såleis ein eingongskostnad på kr. 105.000 i år (+ registreringsavgift). Fjellstyret sparar omlag kr 23.000 i leige for resten av året 2019 (7 månader). Etableringskostnad for ny leasingavtale vil liggja på kr 40-45.000, og årleg leige for ny bil truleg kring kr 40.000, når delvis momsrefusjon er teke omsyn til.

Auka vedlikehaldskostnader på ein eldre bil er noko ein må rekna med. Det ein sparar i årsleige er det ein kan vega denne kostnaden opp imot.

I fjellstyret sitt budsjett for 2019 er spørsmålet om kjøp kontra oppretting av ny leasingavtale drøfta. Budsjettsummen på kr 150.000 i år dekkjer ikkje alle kostnader i samband med firmabil, når ein eingongssum på kr 105.000 vert betalt for kjøp av den eldste bilen. Vonleg er det innsparingar på komande årsbudsjett som veg opp for dette.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 20.3.19

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 13/19, side 2.*

Alt i alt meiner eg at fjellstyret får ein bra bil for pengane ved å kjøpa denne bilen ut når leigeperioden går ut, til den prisen me har fått tilbod om. Det er gode sjansar for at det vil gå i pluss økonomisk om ein beheld denne bilen nokre år til, når ein ser på kva ein sparar i leigekostnad, i høve til venta vedlikehaldskostnader.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret kjøper ut ein 2014-mod. VW Caddy som fjellstyret har leasa i 5 år, når leigeperioden går ut i mai. Pristilbodet frå Berge & co v/Håkon Nesse vert akseptert.

Fjellstyrekontoret, den 15.3.19

Harald Skjerdal

## Aurland fjellstyre

---

**Fra:** "Håkon Nesse" <haakon.nesse@moller.no>  
**Til:** "Aurland Fjellstyre" <aurland@fjellstyrene.no>  
**Sendt:** 11. mars 2019 15:39  
**Emne:** SV: Heimkjøp av leasingbil  
Hei Harald!

Den kan de få kjøpt ut for 105.000.- + reg(2019.-) når avtalen er ferdig. Listepriis på denne er ca 150.000.- f.reg pr no.

Då blir det ikkje noko takst/påkost eller liknande. Det er «slik den står»


Om de vil lease ny og levere inn så vert det ev takst og påkost. Då bør ny bil bestillast seinast månadsskiftet mars/april.

Det vil vel og påvirke utkjøp og frist for å bestemme seg innan same tid?

Kjøper de ut så treng de egentleg ikkje komme med bilen hit. Det meste kan ordnast pr mail/tlf. Omregistrering skjer via Autereg, men då må du ha tilgang til bank id på vegne av fjellstyret, samt fullmakt til å godkjenne registrering.

Høyrest dette ok ut?

Mvh  
Håkon Nesse  
Salskonsulent  
VW-person-nyttekjøretøy  
Nytt-brukt  
Berge & Co AS Sogndal  
Stedjevegen 35  
Postboks 264, 6852 Sogndal  
Tlf: 57675713 Mob: 992 05 044  
[www.volkswagen.no](http://www.volkswagen.no) [www.berge.no](http://www.berge.no)



**Fra:** Aurland Fjellstyre <aurland@fjellstyrene.no>  
**Sendt:** 11. mars 2019 15:25  
**Til:** Håkon Nesse <haakon.nesse@moller.no>  
**Emne:** Heimkjøp av leasingbil

Hei!  
Fjellstyret vurderer å kjøpa ut Caddy med reg. nr. UC 28549, leigeavtale underskriven 21/5-2014, når avtalen går ut. Kor fort må de ha beskjed, viss dette alternativet vert valt? Og er det økonomiske eller praktiske ting me må ta omsyn til, utanom den avtalte restverdien, som eg går ut frå er det same som prisen som skal betalast?

Aurland fjellstyre  
v/Harald Skjerdal